



ALVER
KOMMUNE



ALVER

KOMMUNE

Detaljreguleringsplan

*FV. 245 FOSSE – MOLDEKLEIV,
MED OPPGRADERING AV FOSSEKRYSSET
125620160012*

**Føresegner
(jf plan- og bygningslova § 12-7)**

Utval	Sak	Dato	Vedtaksstype	ArkivID
		20.08.2020		





§1.

GENERELLE FØRESEGNER

Mål for plan er å auke framkomme og tryggleik for alle trafikantar. Dette skal oppnåast ved hjelp av ei rekke delmål:

- Separat gjennomgåande tilbod for gåande og syklande på heile strekninga, inkludert tilrettelegging av naudsynte kryssingspunkt.
- Vegutbetring som gjev betre framkomme på strekninga.
- Sanering eller utbetring av uoversiktlege kryss og avkøyrslar.
- Utbetring og flytting av kollektivhaldeplassar langs strekninga.
- Ein har også hatt stort fokus på avbøtande tiltak i høve til inngrep i dyrka mark. Målet har vore å komma ut i pluss når det kjem til arealrekneskap på råka dyrka mark.

§2.

FELLES FØRESEGNER

2.1 Støy

Tilrådingane i «Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442/2012», eller til ein kvar tid gjeldande retningslinje skal følgjast. Dette gjeld òg for anleggsfasen.

Raud støysone frå vegtrafikk er merka med omsynssone H210 på plankart. Gul støysone frå vegtrafikk er merka med omsynssone H220 på plankart.

2.2 Kulturminne

Om ein under anleggsarbeidet skulle avdekke ukjende kulturminne, skal arbeidet stoppast med ein gong, og rette mynde kontaktast, jamfør undersøkingsplikta i Kulturminnelova § 9.2.

Det skal takast særskilt omsyn til SEFRAK-registrerte bygg, som angjeve i planomtalen i kapittel om Kulturmiljø og kulturminne, i samband med anleggsgjennomføringa.

2.3 Tilgjenge

Prinsippet om universell utforming skal leggast til grunn ved prosjektering av veganlegget.

2.4 Landskapstilpassing

Planlagt veganlegg skal utførast slik at det vert best mogleg tilpassa eksisterande terreng og omgjevnader. Tiltaka skal ha ei god estetisk utforming i samsvar med funksjon, naturgjevne og bygde omgjevnader. Terrenghandsaming skal gjerast ferdig samtidig med resten av anlegget.

§3.

UTFYLLANDE PLANAR OG DOKUMENTASJON

3.1 Ytre miljøplan

Det skal utarbeidast ein plan for ytre miljø (YM-plan) som skal ha særleg forkus på forureining, og plan for avbøtande tiltak. YM-planen skal liggje føre saman med byggjeplan for veganlegget. Tiltakshavar skal sørge for at tiltak som er skildra i plan for ytre miljø (YM-plan) vert innarbeidd i kontrakt med entreprenør for utbygginga, og at YM-planen vert oppdatert ved behov. Det er sett rekkefølgekrav til utarbeiding av planen, sjå §10.1.

3.2 Sikkerheit, helse og arbeidsmiljøplan (SHA)

Byggherren skal utarbeide SHA-plan. Tiltak mot arbeidsulukker og ulukker med mjuke trafikantar i samband med anleggsarbeid, skal sikrast gjennom denne. Som ein del av SHA-plan skal det utarbeidast eigen plan for midlertidig løysing for skulebarn. Under anleggsperioden skal det til ei kvar tid vere sikra trygg skuleveg for barn og unge.

3.3 Byggjeplan

Før utbygging av veganlegg kan starte opp, skal det liggje føre ein byggjeplan med utgangspunkt i denne reguleringsplanen, Statens vegvesen sine handbøker og retningslinjer. Prinsipp for utforming av sideareal, revegetering, utforming av tekniske anlegg og støyskjerming skal gå fram av byggeplan.

3.4 VA, avløp og overvasshandtering

VA-rammeplan datert 31.10.2018 er retningsgjevande for den vidare detaljprosjekteringa og byggesakshandsaminga.

Detaljprosjektert VA-løysing skal godkjennast av kommunen før anleggstart.

3.5 Plan for massehandtering

Før igangsetting av arbeid skal det liggje føre ein plan for massehandtering. Jord frå jordbruksareal (fulldyrka jord og innmarksbeite) skal sikrast vidare bruk. Avfall og ureina massar skal transporterast til godkjent mottak.

3.6 Rigg- og marksikringsplan

Tiltakshavar skal sørge for at det ligg føre ein rigg- og marksikringsplan som gjev føringar for gjennomføring av anleggsarbeidet. Rigg- og marksikringsplanen skal gje føringar for følgjande tilhøve:

- Inngrepsgrenser rundt kulturminne, område og ferdselsårer for friluftsliv.



- Massehandtering, inkludert handtering og lagring av jordmassar som skal nyttast til revegetering i anlegget.
- Tiltak for å minimere risiko for spreing av framande artar.
- Inngrepsgrensa for anleggsarbeidet skal fastsettast i rigg- og marksiokringsplanen og merkast med tydeleg fysisk avmerking i anleggsfasen.

§4.

BYGG OG ANLEGG

(PBL § 12-5 nr. 1)

4.1 Idrettsanlegg (BIA)

Området BIA ligg i kommunedelplanen sin arealdel (KDP) som idrettsanlegg med plankrav. Føresegner i KDP er gjeldande.

4.2 Bustad/Småhusbustad (B, BKS)

Er område fastset som bustad og konsentrert småhusbustad i gjeldande kommunedelplan.

**Opplisting reguleringsplaner

- 125620100003 Meland kommune
Kommuneplanens arealdel 2015-2027
- 125620050004 Grasdalen-Moldekleiv
- 125620060004 Litlebergen
- 125620070004 Fv245 frå Hatleberget til Skarpeneset
- 125620070002 Midtsundet bustadfelt
- 125620060005 Sundet (Nordsundet)

4.3 Bygning som skal fjernast

Bygningar som skal fjernast er markert i kartet med kryss.

§5.

SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

(PBL § 12-5 nr. 2)

Mindre avvik i skråningsutslag innanfor område Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL. § 12-5, nr. 2), vil kunne skje som følgje av uventa tilhøve, som t.d. grunntilhøva eller manglar i kartgrunnlaget. Det kan medføre at areal som skal disponerast til vegføremål vil fråvika noko frå det som går fram av føremålsgransene i planen. Areal som ikkje vert disponert til vegføremål er føresett brukt som tilstøytane føremål.

5.1 Veg (SV)

O_SV1 gjeld tilkomstveg til kommunalkai ved Fossesjøen. Langs denne vegen må ein også sikre tilkomst til septiktankanlegg som ligg på o_SVG aust for o_SV1.

O_SV2 er kommunalveg Moldekleiv.

O_SV3 gjeld tilkomstveg til utbyggingsområda ved Midtsundet og Drageneset.

O_SV4 er kommunalveg Litlebergen.

O_SV5 er kommunalveg mot Litlebergen kai.

F_SV1 er felles tilkomstveg for 325/2, 19, 32, 37, 49 og 147.

F_SV2 er felles tilkomstveg for 325/53, 123 og 326/56

F_SV3 er felles tilkomstveg for 326/1, 5, 25, 89, og 90.

F_SV4 er tilkomst til 326/114 og 326/125.

F_SV5 er tilkomstveg for 326/60.

F_SV6 er tilkomstveg for 327/68.

F_SV7 er tilkomstveg for 327/7, 9, 47, 87 og 102

F_SV8 er tilkomstveg for 327/3, 95, 96, 97, 139.

5.2 Køyreveg (SKV)

O_SKV1 omfattar fv. 564. Her har ein sat av areal for å kanalisere trafikkstraumar med eige venstresvingefelt. Trafikkskilje mot Krossnessundbru er avslutta før landkar, slik at ein ikkje må gjere endringar på bru.

O_SKV2 gjeld fv. 245.

O_SKV3 gjeld køyrebane for alle kollektivhaldeplassar langs strekninga.

O_SKV4 gjeld kommunalveg Fosse. Ved bygging må ein tilpassa seg til bredda på eksisterande veg.

O_SKV5 gjeld fylkesveg fv. 246, Håtuftvegen. Ved bygging må ein tilpassa seg til bredda på eksisterande veg.

5.3 Fortau (SF)

Område regulert til O_SF er fortau langs offentleg veg.

5.4 Gong- sykkelveg (SGS)

O_SGS1 og O_SGS2 er offentleg gang- og sykkelveg.

O_SGS2 skal også gje køyrbar tilkomst til 326/10, 24, 35

5.5 Anna veggrunn (SVG)



Innanfor områda tillét ein etablering av naudsynte skjeringar, fyllingar, grøftar, murar, kulvert, røyr, nettstasjonar og andre tekniske installasjonar. Areal skal dekkast til med jord og såast til. Innanfor føremålet kan areala nyttast som område for rigg og mellombels deponi i anleggsfasen. Eksisterande vegetasjon skal i størst mogleg grad ivaretakast.

O_SVG_2 – Innanfor dette arealet har ein tilgang til drift og vedlikehald av kommunalteknisk anlegg så lenge dette er i drift.

5.6 Parkering (SPA)

O_SPA - Ved Midtsundet er det satt av areal til utmarksparkering for tursti mot Moldekleivfjellet.

F_SPA er felles parkering for 325/125, 325/21, 325/66 og 325/64.

5.7 5.4 Haldeplass/Plattform (SH)

O_SH er sett av til fortau/plattform på busshaldeplassar.

5.8 Leskur/Plattformtak (SP)

Ved alle kollektivhaldeplassar er det satt av areal til leskur.

5.9 Avkøyringsspil

Avkøyringsspil gjev løyve for dagens bruk på avkøyring. Ved utvida eller endra bruk må ein søkje til kommunen. Avkøyrsløse skal vera i samsvar med krav gitt av vegmynde.

§6.

GRØNSTRUKTUR

(PBL § 12-5 nr. 3)

6.1 Tilsåing mot dyrka mark

Tilsåing mot fulldyrka mark skal utførast med frøblanding som godkjennast av grunneigar eller med stadeigen vegetasjon.

6.2 Tilsåing av sideareal

Tilsåing av sideareal skal gjerast med standard frøblandingar for Vestlandet eller med stadeigen vegetasjon.

6.3 Svartelista artar

Tiltakshavar pliktar å fylgje opp anlegget i 3 år etter ferdigstilling for å sikre at ikkje svartelista artar har følgt med nye massar.

Om ein finn svartelista artar, eller aggressive artar som lyssiv og høymol, i eksisterande eller nye massar skal desse massane fjernast. Det skal ikkje nyttast kjemisk ugrasfjerning. Termisk varnehandsaming i linja skal utførast før ein kan byrje å arbeide med infiserte massar.

Anleggsmaskiner skal reingjerast på staden der desse har vore i kontakt med infiserte massar.

6.4 Arbeid på jordbruksareal

Det skal ikkje utførast anleggsarbeid på fulldyrka eller overflatedyrka mark i vekstsesongen utan avtale med grunneigar. Ved fjerning av matjord skal grunneigar, kommunen og byggherre informerast slik at ein har høve til å ta kvalitetskontroll på arbeidet. Areal som skal ferdigstillast som dyrka mark skal såast til med det same anna arbeid er ferdig. Byggeplan skal skildre frøblandingar, og val av frøblanding skal vera gjort i samarbeid med grunneigar.

Tiltakshavar skal ta prøvestikk av matjordlaget på dei aktuelle stadane slik at maskinførar har nok kunnskap til å kunne skilje matjord frå underliggande lag. Matjordlag som skal fjernast skal ikkje blandast med ande lag eller massar, og den må derfor lagrast på duk. For mellombels lagring skal han lagrast i rankar ikkje høgare enn 70 cm. Opne matjordmassar i mellombels lagring skal dekkast til med vekstduk. Mellombels lagring utanfor plangrensa avklarast med kommunen.

Det skal nyttast beltegåande gravemaskiner med lågt marktrykk til planeringsarbeid for å minimere komprimeringsskadar på jorda. Bulldosar skal ikkje nyttast.

B-sjikt med god struktur skal ikkje blandast med under- eller overliggande lag, men mellomlagrast for seg sjølv i rankar ikkje høgare enn 1 meter. Dei skal planerast med stor, beltegåande gravemaskin i same djupne som dei originalt hadde. Der nytt B-sjikt skal etablerast skal denne ha ei djupne på minimum 80 cm inkludert A-sjikt (matjordlaget) A-sjikt bør vera 30 cm.

Drenerande lag skal sikre at overliggande massar ikkje får ståande vatn, eller at det blir for stor avrenning av overliggande massar. Der ein gjer inngrep i allereie fulldyrka mark skal grunneigar rådførast for best mogleg handtering og kartlegging av eksisterande drenering. Det skal utarbeidast dreneringsplan for både nye og eksisterande teigar.

6.5 Bekkar/elver

Røyr skal dimensjonerast med tanke på dagens flaumproblematikk og med eit 50% klimapåslag. Det skal utarbeidast VA-plan som sikrar tilstrekkelege dimensjonar for alle bekkar og elver innanfor planområdet. Bekken på Sunde skal i tillegg ha erosjonssikring mot jordbruksareala.

§7.

LANDBRUKS- NATUR OG FRILUFTSFØRMÅL SAMT REINDRIFT



(PBL §12-5 nr. 5)

7.1 Landbruksformål (LL)

Områda LL skal nyttast til jordbruk.

LL1 og LL2 skal utvidast over dagens bekk og bekk kan leggest i røyr. Arealet kan hevast, men ikkje høgare enn høgda på fylkesvegen. Ein får ikkje deponere massar som er forureina til planering av nytt jordbruksareal. Nytt landbruksareal på LL1 skal ha fall mot sør.

7.2 Naturformål av LNFR (LNA)

NLA områda skal nyttast til landbruk, natur og friluftsliv.

I areala under Krossnessundet bru har ein tilgang til å nytte inntil 10 meter utanfor brukonstruksjon til nødvendig drift og vedlikehald.

7.3 Turveg (GT)

O_GT1 – turveg mot hellebru opparbeidast som sti. Tilpassast mot eksisterande bru.

O_GT2 – Tilkomst til denne stien må sikrast ved utviding av veggen.

GT3 – Tilkomst til naust på 325/125.

§8. OMSYNSSONER (PBL § 12-6)

8.1 Frisiktzone (H140)

Innanfor sone for frisikt skal det vere fri sikt 0,5 meter over tilstøytane vegar sitt plan, jf. gjeldande vegnormalar.

8.2 Faresone (H370)

Høgspenningsanlegg gjeld høgspent luftlinje som kryssar deler av planområdet. Tiltak innanfor sonene skal godkjennast av linjeeigar. Eventuelle behov for omlegging av høgspenningsanlegg må handterast i samband med byggjeplan.

8.3 Kulturmiljø (H570)

I forbindelse med bygging av veganlegget skal det tas særskilt omsyn til alle nyare tids kulturminneverdiar i planområdet. Anlegget skal utformast med estetiske kvalitetar som høver til omliggande kulturmiljø.

- I omsynssone H570_1 kan det ikkje utførast noko arealinnngrep som kan skade, øydelegge, grave ut, flytte, forandre, dekkje til, skjule eller på anna vis utilbørleg skjemme potetkjellaren, eller framkalle fare for at det skjer.

- I omsynssone H570_2 ligg det eit automatisk freda kulturminne som er bandlagt etter kulturminnelova. Det automatisk freda kulturminnet er eit aktivitetsområde frå steinalder og har Askeladden id. nr. 151124. Ein må ikkje setje i gang tiltak som kan skade, øydelegge, grave ut, flytte, forandre, dekke til, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme det automatisk freda kulturminnet, eller framkalle fare for at dette kan skje. Alle tiltak innanfor sona skal godkjennast av kulturminnemynde.

7.4 Bandlegging etter lov om kulturminne (H730)

Omsynssone H730 er automatisk freda kulturminne frå Steinalder, Askeladden id. 151124, som er bandlagt etter kulturminnelova. Ein må ikkje setje i gang tiltak som kan skade, øydelegge, grave ut, flytte, forandre, dekke til, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme det automatisk freda kulturminne, eller framkalle fare for at dette kan skje.

§9. FØRESEGNSSOMRÅDE (PBL § 12-7)

9.1 Mellombels anlegg- og riggområde #1

Områda avsett til anlegg- og riggområde synt i plankart med symbol #1, kan nyttast til anleggsområde så lenge anleggsarbeida er i gang. Områda kan nyttast til riggplass, anleggsvegar, omkøyringsvegar og lagerplass for bygningsmateriell og maskiner.

Areal til midlertidig anlegg- og riggområde er **gyldig til 10 år etter vedtak av detaljplanen / planens ikrafttredelsesdato.**

- Ved ferdigstilling av veganlegg innan den tid, skal det gjevast tilbagemelding til kommunen om at midlertidig anlegg- og riggområde kan fjernast frå plankartet.
- Føresegnssområde #1 - #3 kan fjernast frå plankartet administrativt av planmynde etter at anleggsperioden er over.

I anleggsperioden skal områda til ei kvar tid vere forsvarleg sikra, og ikkje føre til fare for dei som ferdast i nærområda.

Etter avslutta anleggsperiode, og seinast innan 12 månader at ein delstrekning er opna, skal areal med tilgrensande og erverva anna veggrunn målast inn. Områda skal så tilbakeførast eller setjast i stand i samsvar med arealformålet. Etter anleggsfasen skal det på offentlege sideområde leggest til rette for naturleg revegetering.



Områda som er nytta til anlegg og riggområde skal settast i stand etter nærare avtale med grunneigarar.

Deretter skal plangrensa justerast i samsvar med nye eigedomsgrensar, og føresegningsområde for anlegg og riggområde fjernast frå plankartet ved nytt vedtak.

9.2 Føresegningsområde #2

Området kan nyttast som deponi i anleggsperioden. Etter avslutta anleggsperiode gjeld føringar gitt i §6

9.3 Føresegningsområde #3

Området merka #3 ved småbåthamna kan nyttast til å etablere vassleidning frå pumpestasjon til sjø. Etter arbeidet med vassleidning skal arealet opparbeidast til slik standard det var før arbeidet.

§10.

REKKEFØLGJEKRAV

(PBL § 12-7 nr. 10)

10.1 Krav til utarbeiding av utfyllande planar

- Ytre miljøplan (YM-plan) og landskapsplan skal utarbeidast som ein del av prosjekteringa.
- Ein skal også utarbeida ein beredskapsplan for korleis ein skal handtera stenging av fv. 245 ved for eksempel sprenging, med tanke på uttrykkingstid for naudetatar.
- Før igangsetting av anleggsarbeid skal det ligge føre ein plan for massehandtering.

10.2 Andre rekkefølgjekrav

- Før anleggstart skal det utarbeidast plan som syner korleis ein skal sikre framkomme for mjuke trafikantar i anleggsperioden. Denne plan skal godkjennast av kommune før oppstart av anleggsarbeid.
- Ein skal sikra tilkomst til stiar og utfartar langs anlegget under anleggstida.
- Plan for midlertidig vegstrekning og/eller omkøyning skal sikrast innan anleggsstart.

10.3 Bygging av avkøyrsløp:

Det skal vera opparbeidd tilfredsstillande vegar/avkøyningar til eigedommar der eksisterande tilkomst er regulert stengde, før eksisterande tilkomst vert stengd.